



Laila Konglevoll  
Hundvinsvegen 133  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6321 - 22/80823

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
24.10.2022

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 56/10 Hundvin**

Tiltak: Arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr 56/10, 81  
Tiltakshavar: Laila Konglevoll

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.08.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det mangler gjenpart av nabovarsel. Det går derfor ikkje fram om søknad om dispensasjon er nabovarsla.
2. Delar av arealet ligg innanfor faresone H310 (Ras- og skredfare) i kommunedelplan for Lindås. I punkt 4.1.3 i føresegna til planen går det fram at ved søknad om deling skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras. Slik vurdering er ikkje lagt fram.

I følgje NVE sitt aktsomhetskart er arealet omfatta av utløpsområde for snøskred.

3. Grunngeving for dispensasjonen er for dårleg. Sjå vedlagte dokument for opplysningar om dispensasjon.

Vi gjer merksam på at det ikkje er kurant å få dispensasjon frå LNF området for tilleggssareal til hyttetomt. Vernet om strandsona er også strengt.

Kommunen ber dykk vurdere om ein bruksrett til området er dekkande for dykkar behov, slik de sjølv er inne på i dispensasjonssøknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.11.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det må betalast fullt gebyr sjølv om det vert gjeve avslag i ei sak. Dersom ei sak vert trekt før sakshandsaming av dispensasjon er påbegynt er gebyret kr. 2563. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

### Kopi til:

Steinar Konglevoll

Johan Blytts Vei 46

5096

Bergen

### Mottakarar:

Laila Konglevoll

Hundvinsvegen 133

5956

HUNDEVIN